



Arkivnr: 2014/558-183  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		11.04.2016

### Konferansen 22.-23. februar – evaluering

#### Samandrag

Konferansen vart heldt 22.-23. februar på Scandic Ørnen, i Bergen sentrum. Det var 21 kommunar representert på konferansen. Fyrste del av dag 1 vart noko redusert grunna glatt føre og ein kollisjon som hindra trafikken i heile Bergen, og fylkesvaraordførar steppa inn for fylkesordførar som skulle opna konferansen. Elles kom alle innleiarane slik dei skulle og gjorde ein veldig god jobb.

Det kunne vere noko betre plass i salen, særskilt med tanke på at alle som brukar rullestolar var tvungen å sitte bakarst. Det var og nokre innspel på at lufta kunne vore betre. Eit innspel var at det vart litt for hektisk på dag 1 i programmet, eit anna var at ein ønskja meir fokus på mental helse.

I etterkant har rådet fått mykje positive tilbakemeldingar på program og arrangement frå dei kommunale råda. Rådsleiar er invitert til gruppemøter for Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti for å informere om rådet sitt arbeid.

Arbeidsutvalet ønskjer å føreslå at ein allereie fastset ein konferanse i 2017, som vert arrangert før påske.

#### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Janne Værnø  
kommunikasjonsdirektør

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

